

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		23/964

Saknr	Utval	Type	Dato
085/2023	Kommunestyret	PS	26.10.2023

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Protokoll Kontrollutvalet 26.09.23

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 085/2023

KS - behandling:

Havforskar Kjell Nederås orienterte om fredningsområde for hummar før møtet starta. Søknaden om fredningsområde i Masfjorden vert handsama som sak kommunestyret til neste år.
Grunngjevne spørsmål:

Laila Furebotn (Sp) stilte følgjande spørsmål:

Dei siste åra har kommunen teke imot fleire flyktning familiar, dei siste frå ukraina. Dette er med og dreg eit lågt folketal i rett retning, og er soleis positivt for kommunen.

Me har i kommunen ein ukrainsk familie som ynskjer å flytta internt i kommunen. Dette fordi far i familien sjølv har skaffa seg ordinært arbeid. Han har no lang pendlarveg, og har fått tilpassa arbeidstid grunna ferja ikkje går tidleg nok til at han rekk fram i tide til ordinær oppstart.

Dei har sjølve funne fram til ny bustad som kan leigast, men ser at med berre ei inntekt vil dette ikkje gå opp økonomisk, sjølv med redusert reiseutgifter.

Når dei spør kommunen ang ulike løysingar for hjelp/støtte, er svaret negativt. kortversjonen oppfattast som at "flyktningar frå ukraina er venta flytta tilbake innan omlag 1 år".

Dette minnar meg om svaret frå oppvekstleiar på kvifor me lærer ukrainske flyktningar bokmål og ikkje nynorsk ; "me forventar at dei fleste flyttar til eller rundt bergen etter kort tid".

Når me har familiar som ynskjer å bu og etablera seg i Masfjorden, med vår folketals utfordring, bør ikkje kommunen vera på tilbodsida når det kjem til løysingar for dei??

Ein får ikkje folk til 17 mai komitear i bygdene våre av å "forventa at folk flyttar ut av kommunen". Me løyser heller ikkje bemanningsutfordringane våre med slike haldningar. Her må me som kommune vera kreative, hjelpsomme og legga til rette for folk som ynskjer å etablera seg ja oss.

Hadde og vå fint med ein oppdatering når det kjem til målform på vaksenopplæringa no, etter at saka var oppe sist.

Ordførar og rådmannen svara på spørsmålet.

Referatsaker:

skriv 1: Protokoll Kontrollutvalet 26.09.23

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering